

## Innspel til næringsplanen frå Rauland Turist

Satsinga på reiseliv og hyttebygginga i Vinje gjennom dei siste 20 åra har utvilsamt vore lønnsamt og bra for kommunen. Reiselivsrelatert omsetninga var på 635 millionar kr i 2016 og av dette utgjer 255 millionar i verdiskapningen. (Tall frå Menon Analytics).

Den store satsinga på utviklinga av fritidseigedom har bla. vore med å finansiert store deler av mange av reiselivsprodukta slik me kjerner det i dag, infrastrukturen og fellesgoder som f.eks. skiheisar, kafeer, utleigehytter, skibruer, badeplassar, stiar og løyper.

### **Reiselivet både ynskjer og treng å utvikle seg i Vinje Kommune.**

Oppsummert i hovudpunkt ser me for oss følgjande:

- Ein treng å forbetre og auke kvaliteten på fleire av reiselivsprodukta.
- Ein treng å forbetre og auke infrastrukturen (som f.eks. skiheisar, turstiar, rasteplassar, parkeringsplassar).
- Ein treng og ynskjer fleire aktivitetar i skuldersesongane utan å svekke hovudsesongen
- Ein treng høgare standard på overnattingstilbodet og som er meir tidsriktig.
- Me treng eit fyrtårn.

Når ein nå går inn i ein periode der det ikkje er lagt til rette for vidare storsatsing på hyttebygging, er reiselivsnæringa usikker på korleis ein skal kunne evne å utvikle tilbodet vidare slik næringa både ynskjer og treng. Ein har no endra ein velfungerande strategi utan ein plan på korleis ein skal kunne arbeide med utviklinga i tida framover. I mange næringsområde er det vanleg med tid og midlar til omstilling, om ein skal avvikle den mest innbringande delen av næringa.

Når no Vinje Kommune ynskjer å satse vidare på reiselivet som ei av hovudnæringane, er det avgjerande at kommunen og næringa arbeider saman for å kunne få gjennomført dei tiltaka som skal til for å både styrke og utvikle reiselivet.

### **Ein kvar plan MÅ ha eit eller fleire overordna mål**

Næringsplanen bør innehalde flest langsiktige mål. Overordna bør det være målsetningar som ikkje avløysast av eit enkelt tiltak, ofte er det heilheita som er viktig.

Målsettinga kan f.eks. vera:

- Auke antallet innbyggjarar
- Auke omsetninga
- Auke antall gjestedøgn

Helst bør slike overordna mål være talfesta, nettopp fordi ein over ein lang periode vil kunne sjå om tiltaka har effekt og om det er mogleg å nå målet som blir satt.

For at den enkelte bedrift og næringa skal kunne stake ut sin kurs og sin strategi må forutsetningane frå kommunen vere klare og det bør vera ein tanke bak korleis ein skal kunne gjennomføre dette. Her blir dialog med dei forskjellige næringane svært viktig. Det hjelper lite om kommunen har overordna fokus, dersom bedriftene ikkje har evne, kunnskap eller kapital. Kort sagt: jo større investeringar jo meir langsiktige forutsetningar treng bedriftene.

**Det må også jobbast med å innhente data og tall om det me allereie har, kva er eigentleg ståa i dag?**

Dette vil også over tid kunne brukast for å sjå om tiltak som blir satt i gang gjev ønska resultat. I denne samanheng er det viktig å påpeike at nasjonale eller regionale hendingar kan påverke resultatet undervegs (F.eks: hovedfartsåra inn til ein type aktivitet blir stengt.)

For reiselivet er det viktig å ta med seg, at næringa er svært utsett for «synnseri», mange meiner mykje om reiselivsproduktet, ofte små marginar og mange reiselivsprodukt i Norge har sitt opphav frå andre inntekter enn sjølvre reiselivsproduktet. Dette er i mange tilfelle med å skape eit lite balansert syn på kva som skal til for å nå målet.

Her blir det viktig at ein innhentar og set seg inn i andre kommunar's og destinasjonar sin forutsetning for å nå målet.

Grunnleggjande tal/data som bør kartleggast:

- *Antallet bedrifter og sysselsette i kommunen*
  - *Private/Offentlege*
  - *Inn/utpendling*
  - *Årsverk*
- Ringverkingane av dei forskjellige delane av næringslivet i kommunen bør dokumenterast:
  - Reiseliv
  - Hyttebygging
  - Landbruk
  - Handel/servicetenester
  - Gjestedøgn, både i varme og kalde senger.

**Rauland Turist har følgjande forslag til overordna aktivitet og tiltak som ein bør stø opp under  
(ikkje prioritert rekkefølge):**

- Arbeide for E-134
- Straumstøtte/fastpris også for fritidseigedommar (for å stimulere til meir bruk)
- Fortsatt fast pris på straum til næringslivet (viktig for å skape forutsigbarhet)
- Investeringar i ny skiheis på Rauland
- Bygging av skibroer innenfor KDP området Rukkemo-Torvetjønn.
- Fortsatt satse på konsentrert hyttebygging i Rauland og Vågslid
  - Herunder legge til rette for tettare konsentrasjon og leilighetar i nærheten av skisentera i kommunen.
- Auke kvaliteten på langrennsløypenettet
- Gje støtte til større og kommersielle arrangement
- Oppretteholde støtte til marknadsføringa av aktivitetar i kommunen (via lokale destinasjonselskap)
- Etablere og legge til rette for bobil- og campingplassar
- Auke kvaliteten og antalet på turstiar og rastepllassar
- Auke kvaliteten og talet på parkeringsplassane
- Anerkjenne det lokale næringslivet
- Gje rådgiving som er riktig, i forhold til moglegheitene for økonomisk drift over tid
- Fortsatt avhalde fellesmøte for næringa i kommunen for å byggje bruver mellom dei forskjellige næringane (eks. næringsmøta).
- Jobbe med oppdaterte talgrunnlag og fakta frå næringa, slik at dette er synleg for politikarane og innbyggjarane i kommunen.

Avslutningsvis vil ein også påpeike at det er viktig at det no blir lagt føre ei tidsramme for vidare arbeid. Dette er svært viktig, da enkelte delar av planen kan ha svært lang levetid, andre delmål eller mindre mål kan ha svært kort levetid.

Det er også viktig at kommunen er tydelege ut til den enkelte næring og kva ein treng av talgrunnlag og når i prosessen ein skal bidra med meir innsikt/kunnskap.

Rauland Turist meiner me har all grunn til å lykkast i Vinje om me no nyttar dei moglegheitene og ressursane me har, men det er avgjerande at me tek riktig grep for å oppretthalde ei god næringsetvikling.

Rauland, 30. mai 2023

**Rauland Turist**  
  
Kristian Samnøen  
Styreleiar

Fra: Elin Apeland[elin.vassbotten@haukelihytter.no]  
Sendt: 31.05.2023 17:12:34  
Til: Postmottak Vinje[postmottak@vinje.kommune.no]  
Kopi: Knut Tore Apeland[knuttore.apeland@haukelihytter.no];  
Tittel: Høyningsuttale næringsplan

---

#### Innspill til næringsplan Haukeli området:

- Det bør legges 400 volt på hele industriområdet. Kostet av kommunen og kraftlaget.
- Nye industritomter må på plass raskt for å tiltrekke seg næring, samt ha dette kart om noen vil etablere seg.
- Pusse opp industriområdet
- Skilte industriområdet bedre og gjennomført, både fra hovedveger og ved innkjøring til området. Synliggjøring ved skilting forenkler arbeidet for transportører og besøkende.
- Info om støtteordninger/ midler som finnes
- Sette søkelys på industri og handel også, på lik linje som reiseliv og landbruk.
- Synliggjøre industribedrifter for politikere. Dette er også viktige arbeidsplasser som også skaper ringvirkninger for hele kommunen.
- Tilrettelegge for attraktive boliger og byggeklare boligfelt som tiltrekker seg arbeidskraft
- Strømstøtte til industri, fast ordning

Mvh Haukeli hytter og hus AS



**HAUKELI**  
hytter og hus

Mobil : +47 91 62 27 54  
Telefon kontor : +47 350 70 116

Industrivegen 1  
3895 Edland

Link til brosjyre [her!](#)  
[www.haukelihytter.no](http://www.haukelihytter.no)



## Innspel til ny næringsplan - høyningsutkast

Eg, som nyinnflyttar og ny næringsdrivande på Rauland, vil gjerne sei litt om mine ynskje til Raulandsbygda og inntrykket eg har av turistane sine behov og korleis eg har oppfatta deira ynskjer ved besøk på Lega.

Fyrst må eg skryte litt av korleis me har blitt tatt imot som ny næringsdrivande på Rauland. Hyttefolk, som bygdefolk, er blide og positive til vår bedrift og seier at det er eit etterlengta tilskot i Rauland sentrum. Dei har og nemnt at all aktivitet i sentrum betyr mykje for dei og at dei difor er opptatt av å støtte næringane på Rauland.

Hyttefolk, så vel som lokale, er engasjerte og interessera i det me driv med, og dei spør om alt mogleg knytt drifta og historia vår. I tillegg merkar me at dei har lese og følgjer med på oss. Hyttefolka er tydeleg interessera i lokal historie, kunst, tradisjonar og bebyggelse. Når det er arrangement og ting som skjer har me inntrykk av at både grupper kjem og tek del i aktivitetane, og dei etterspør ofte at det skal skje meir. Dei set seg i det store og heile inn i både oss som bedrift og Rauland som bygd.

Så kjem mine konkrete innspel til sjølve næringsplanen og kva eg meiner de bør leggje til.

1. Innspel til *Reiseliv og Handel + Arbeidskraft og kompetanse*: «Arbeid med bu- og besøksattraktivitet for å tiltrekke nye innbyggjarar, slik som kulturtilbod, skuterløyper, turstiar og langrennsløyper.»

Det er behov for ein reguleringsplan i sentrum

I tillegg til at det er viktig å oppretthalde kvaliteten i dei gode skiløypene me har, både for bygdefolk og turistar, er det nødvendig med meir parkeringsplass og ei skibro over vegen frå parkeringa. Det er vanskeleg å køre ut frå butikkar og ikkje minst for liten parkering.

Sommarsesongen er viktig

Rauland er jo kanskje fyrst og fremst ein vinterdestinasjon, men med tanke på at folk er glad i hyttene sine og naturen dei befinn seg i, er sommarsesongen også ein stor del av pakka. Faktisk så stor at det er denne perioden mange bedrifter tener best på gjennom året. For at Rauland skal kunne vise seg frå si beste side med tanke på aktivitetar, også om sommaren, er det mykje å ta tak i her i sentrum. Det bør ryddast, plantast og slås. I tillegg bør det rettast opp ved muren langs sentrum. Ein ser det i andre bygder, turiskilt i sentrum og ute i terrenget så folk skal få greie på kor dei kan gå til forskjellige severdighetar, turstiar, butikkar, kafear og utstillingar. Skilta bør vise kor langt det er å gå til dei ulike stadane. Det bør vera kart over sommarstier tilgjengelig i alle butikkar. Ikkje minst bilete og reklame over ting som skjer bør vera godt synleg fleire stadar.



At kommunen brukar lokalt produserte varer, lokale entreprenørar, butikkar er veldig viktig, aukar våres synleghet, støttar produksjon og arbeidsplassar.

### Vakre Totak

Rauland sentrum har generelt sett behov for meir aktivitet. Kan me kanskje utvide og gjera noko ved vakre Totak? Her kunne ein ha sett bygda, Hadland, frå vatnet. Til dømes kunne ruta starta med utgangspunkt frå Gardsjordtunet på Raulandsakademiet, slik at ein får litt kultur og tradisjon med seg og. For å gjera Totakområdet meir turvenleg kunne ein til dømes ha rydda stiar, sett upp skilt med historie, laga sykkelløyper, sett opp badstoger med meir.


Ved dei fine benkane som kommunen allereie har sett opp, er det behov for søppelkasser.



Rauland sentrum skulle sikkert hatt noko spektakulært, men kva, ein stolheis opp på Skarsnut?

### 2. Innspel til *Tiltak i 2023 Rauland: Utvikle næringsareal på Litangen*

Fleire industritomter bør bli lagt til rette på Rauland generelt. Eg meiner at Litangen er eit fint område til det nye museet. Både med tanke på parkeringsplass og fordi det er fleire gamle historiske severdighetar i området ved den fine Liåi. I dette området finn de rester etter bruhaugen, og restar frå ein stor sperremur - truleg frå drifting. Det er spesielt ein liten kulle bak i skogen ved Litangen som er utruleg idyllisk. Ved denne kullen er det tydelege spor etter både hus og beite. Like i nærleiken er det eit stort gjerde laga av rester frå kraftutbygginga, eit solid metallgjerde som bør ryddast eller tas vare på. Så alt i alt er det mange severdigheter som bør skrivast om og eg trur det kan vera eit fint område for skulpturpark.



3. Innspel til *Landbruk + Næringshage for landbruks- og matverksemder*  
+ *Kontorfellesskap i dei ulike sentruma i kommunen*

No er det ein forstudie på gang knytt til ein landbruks hage som eg har trua på. Eg meiner det vil styrke landbruket og gje nye produsentar ein tryggare oppstart viss dei går med ein god ide dei ønskjer å teste ut. I denne landbruks hagen hadde ein hatt fleire å drodle med, fleire med kunnskap og fleire som kan støtte dei unge og hjelpe dei i gang. Ikkje minst kan det vera eit tilskot til nye arbeidsplassar med kompetanse som trengs for å styrke landbruket. Eg har generelt tru på at unge bønder kan få til mykje!

Mvh Gro Hommo på Lega

# Innspel til næringsplanen til Vinje kommune

Vinje tverrpolitiske bygdeliste vil med dette koma med innspel til nokre delar av planen:

## Reiseliv og handel

Eit godt aktivitetstilbod er essensielt for at ein skal kunne kalle seg ein reiselivskommune. Me ser med bekymring på at slalåmbakkane vert lagt ned, samstundes som det nesten utelukkande er kommunen og idrettslaga som opparbeider nye aktivitetsområde. Det er svært viktig å oppretthalde langrennsløypene. For å styre ferdsla vekk frå utmarksbeite og sårbare naturområde, og for å styrke reiselivet om sommaren, trengst det nye område med varierte aktivitetar rundt omkring i kommunen, i nærleiken av areal som allereie er nedbygd. Me ser difor svært positivt på administrasjonens forslag om eit prosjekt/ei stilling som kanaliserer turgåarane dit ein ynskjer!

Turistar i varme senger legg att mykje meir pengar per døgn i lokalsamfunnet, og bidreg til meir besøk midt i vekene. Mindre hyttebygging og fleire aktivitetstilbod kan stimulere til større tilbod av varme senger.

Kommunen bør engasjere ein tettstadplanleggjar for å laga ein heilskapleg plan for Rauland og Edland/Haukeli sentrum for framtida der omsynet til funksjonalitet, parkering, estetikk og trivsel er førande. Kommunen bør satse på alle tre kommunesentera som handelsstader for å demme opp for handelslekkasje til nabokommunane.

Planen bør ikkje vise til Menon Economics sin rapport frå 2016, då store delar av innhaldet byggjer på undersøkingar i andre kommunar, heile yrkesgrupper ukritisk blir plassert under reiseliv og kjeldebruken er kritikkverdig.

## Landbruk

Landbruksplanen er gamal, og må reviderast.

Av omsyn til matvaresikkerheita må omsynet til beitedyr gå føre reiselivssatsinga i utmarka.

## Arbeidskraft og kompetanse

For å kunne taka seg jobb i kommunen, må ein ha ein plass å bu. Bustadmarknaden er no sprengt. Me meiner kommunen bør stimulere til privat bygging av utleigebustader ved til dømes låg tomteprising og reguleringar.

Rauland 30.5.2023

Vinje tverrpolitiske bygdeliste ved Irja Godal

## **Innspill til næringsplanen fra Rauland Skisenter AS**

Som en av de store reiselivsaktørene i Vinje, vil Rauland Skisenter gjerne komme med noen overordna innspill til ny næringsplan for Vinje Kommune.

I korte trekk har vi prøvd å dele opp innspillene i følgende kategorier:

### **Målsetting/Tiltak, Finansiering, Satsningsområder, Faktagrunnlag**

#### **Målsetting**

Rauland Skisenter mener det er viktig å ha fokus på overorda målsettinger og tiltak. Den forrige næringsplanen var svært tydelig på dette. Dette er viktig, slik at en kan styre etter de store tankene. I ett langsigkt arbeid vil det alltid være forstyrrelsesmomenter, men det er viktig med store overordna mål som ikke blir for detaljerte.

Under målsetting bør det ligge inne forslag til tiltak. Dette vil gi en viss pekepinne om hva en kan forvente av satsningsområder, og hva den enkelte næring kan vektlegge for sin egen del.

Lengre ned vil dere finne forslag både til målsetting og tiltak.

#### **Finansiering**

Ettersom en nå går inn i periode uten den store satstingen på hytteutbyggingen, mener Rauland Skisenter at næringsplanen bør si noe om hva kommunen tenker om finansiering av tiltak. Blir dette opp til næringen alene? Hva tenker kommunen at er kommunen sitt bidrag, hva og hvordan kan kommunen bidra og hvordan kan de ikke bidra.

#### **Satsningsområder**

Det bør fastsettes hvilke satsningsområder som skal gjelde i tiden framover. Dette er viktig, da reiselivsnæringa trenger som alle næringen klare forutsetninger og tid på å tilpasse seg. Satsningsområdene vil fort danne føringer og tydelige signal for hvilke retning man totalt sett skal ta.

#### **Faktagrunnlag**

Produktet og reiselivet har forandret seg de mye de siste årene, og er i stedig endring. Spesielt for reiselivsnæringa, så har en vært gjennom noen svært krevende år. Corona satte sitt preg på bransjen og man fikk på den harde måten lære mye om hvor fort det kan svinge fra en uke, til en annen.

Det er derfor viktig at man får oppdatert tallgrunnlaget for næringen. Man bør ta temperaturen på bedriftene og skaffe til veie tall om hva som egentlig er status.

Mange år med hyttebygging og store inntekter for enkelte, vil fort gi ett misvisende bilde for hva som er muligheten for den enkelte bedrift i dag, med betydelig mindre inntekt.

Det er også viktig at man oppdaterer tallene, nettopp fordi man trenger å måle om tiltakene har effekt og om man er innenfor rekkevidde og nå målet.

Man bør også se på hvordan utviklingen har vært de siste 10-15årene. Det bør dokumenteres hva som er bakgrunnen for den måloppnåelsen man har hatt fram til nå.

Rauland Skisenter sine forslag til målsetting og tiltak for ny næringsplan: *Ikke prioritert rekkefølge*

| Overordna mål                                    | Tiltak   |  |
|--|--|--|
| Økning i reiselivsomsetning i Vinje kommune      | <ul style="list-style-type: none"><li>- Fortsatt tilskudd til markedsføring via destinasjonsselskapet</li><li>- Opprettholde støtten og fokuset på langrennsløypene og løypekjøring.</li><li>- Innsentiver og støtteordninger for produktutvikling.</li></ul>                                    |  |
| Forbedre reiselivsproduktene som allerede finnes | <ul style="list-style-type: none"><li>- Øke tilskuddet til produktutvikling.</li><li>- Bidra med tilrettelegging og regulering.</li><li>- Satse på noen store løft, fremfor mange små (spydspissstrategi) Eks. ny eksessheis som vil være med på å løfte alpint produktet betraktelig.</li></ul> |  |
| Øke gjestedøgn i varme og kalde senger           | <ul style="list-style-type: none"><li>- Legge til rette og finansiere ett større produkt i sommersesongen. (Det er dog viktig at et slikt type produkt/ fyrtårn kan generere omsetning slik at man kan skape flere og nye arbeidsplasser.</li></ul>  |  |

|  |  |  |
|--|--|--|
|  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utrede en ordning for driftstilskudd for enkelte type «fyrtårn» eller produkt som kan skaffe økt trafikk, gjestedøgn og flere helårsarbeidsplasser.</li> </ul>    |  |
| Satsning på sommersesongen (uten at dette går utover hovedsesongen (vinter)) | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Øke rammen for midler som bevilges til slike prosjekter.</li> </ul>   |  |
| Forbedre og øke kommunikasjonen ut mot fritidsboligeierne                    | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Jobbe fram en strategi for kommunikasjon til eieren av fritidsboliger. Næringen trenger «drahjelp» i form av positiv framsnakk av hyttekommunen Vinje.</li> </ul> |  |

Reiselivet i Rauland har hatt en fantastisk vekst de siste 20 år. Mye av årsaken til dette er at noen av de store aktørene har benyttet store deler av sin omsetning til bygging av reiselivsmessig infrastruktur. For Rauland Skisenter sin del så er mange av de største løftene og investeringer tatt med midler fra hytteutbyggingen. At en nå ikke legger til rette for en videre storsatsning vil naturlig nok påvirke investeringstakten og evnen i tiden framover.

Rauland, 01.05.2023

**Rauland Skisenter AS**

Kristin Larsen

Håvard Bjørke

## **Kommentar til ny næringsplan for Vinje kommune**

Denne kommentaren er ein refleksjon omkring næringsplanens intensjon, som blir nemnt i innleiinga: «*Vinje kommune skal legge til rette for ei berekraftig næringsutvikling*», samt «*Næringsarbeidet skal medverke til FN sine berekraftsmål*». Det er i hovudsak den prioriterte næringa **Reiseliv og handel** som blir diskutera.

Fjellrein AS er eit firma som engasjerer seg for villreinens overleving. Me søker å skape gode haldningar og engasjement gjennom å formidle kunnskap, og me nyttar ofte kunst og historieforteljing i formidlinga.

Alt går tilsynelatande langsamt i fjellskogen. Den har ein sein omsetting av næring, og veksten er treg. Fjellskogen er prega av krevjande klimatiske forhald, og mange artar som blir utkonkurerte andre stader, finner sin heim her. Artane har langsamt tilpassa seg miljøet, og følgde isen nordover og oppover etter siste istid. Dei kan ikkje leve andre stader. Dei må halde ut mykje, som å ligge under meter med tung snø, månad etter månad. Men etter ein lang vinter, syner denne skogen plutselig evne til enorm fart: på få veker eksploderer det av grønt og fargesprakande liv, og all vekst og formeiring må skje i løpet av ein kort, intens sommar. Desse skogane er blant dei aller mest produktive og artsrike landskapselementa me har, dei er Nordens Amazonas, berre meir fornuftig temperert.

Grunna den spesielle tilpassinga til klima, er fjellskogen også svært sårbar for raske klimaendringar, og for menneskelege inngrep. Likevel er det nettopp her me bygger hytter i stor skala. Med hyttebygging endres naturen fullstendig, og alle artar og økosystem blir berørte. Leveområda til artane blir fragmenterte, øydelagde eller forsvinn heilt. Hyttebygging står for 25% av årleg nedbygging av natur i Norge. I tillegg kjem 10% nedbygging som følge av vegbygging. Med betre veger kjem lettare åtkomst, meir aktivitet og enda større belastning, samt at veger fungerer som brekkstong for anna nedbyggingsaktivitet.

Når me les i forslag til næringsplan at hyttenæringen er kjelde til 255 millionar kroner av kommunens verdiskaping, finner me at meir enn 1/3 av denne «verdiskapningen» kommer frå bygg og anlegg:

«Bygg- og anleggsbransjen opplever de største inntektene og den største aktiviteten på bakgrunn av turismen til Vinje. Tallene reflekterer at Vinje kommune er en stor hyttedestinasjon, og at hyttebygging og -vedlikehold skaper store ringvirkninger lokalt. Faktisk står bygg- og anleggsbransjen for hele 41 prosent av både omsetningen og verdiskapingen som kommer av turisters forbruk og reiselivsinvesteringer» (Menon Economics).

«Våre beregninger tilsier at de reiselivsrelaterte inntektene legger grunnlag for omtrent 411 arbeidsplasser i kommunen, hvorav cirka 137 arbeidsplasser i bygg- og anlegg» (Menon Economics).

Disse talla inkluderer deltidsansatte og sesongarbeidarar.

Ein meir konkret beskriving av «bygg og anlegg» sine aktivitetar finn me ikkje, men me må anta at denne kategorien representerer nettopp den typen utvikling som det er ynskjeleg å unngå, nemleg nedbygging av natur. Me snakkar om oppføring og vedlikehald av hytter, og antakeleg om etablering og vedlikehald av infrastruktur som straum, nett, vann og kloakk til disse hyttene, og etablering av nye, og utbetring av gamle, veger.

Som me alle er klar over, finn me oss i ein klimakrise. Men me har og ein naturkrise, som er minst like alvorleg for verdas biologiske mangfald og landskapas motstandsdyktighet mot effektane av klimaendringane. I 2022 signerte Norge Naturavtalen, som skal sikre ein levande natur, biologisk mangfald og rene naturgode for framtida.

Allereie no har me belasta fjellskogane meir enn dei toler. Dersom alle tomtereservane skulle byggast ut, ville det postkortet folk forventar å sjå når dei besøker Vinje ikkje vere noko meir enn det; eit postkort, ein illusjon. Villreinen toler ikkje meir. Fjellreven toler ikkje meir. Økosistema og alle dei tusen artane me veit altfor lite om, toler ikkje meir.

Me i Vinje kan vere stolte av vår fantastiske natur. Me er og stolte av vår kulturarv. I fjellbygdene er kulturen nært knyta opp mot naturen. Dei barske forhalda har forma både natur og menneske gjennom generasjonar, og synar i dag eit mangfald med særpreg. Me har fått vår identitet gjennom denne sam-evolusjonen. Derfor må me lytte godt til lokalbefolkinga, til folk som driv primærnæring og har gjort det i generasjonar, og me må ta vinbyggenes økosorg på alvor. Dette for å syte for å beskytte både natur og kultur, og vår felles identitet.

Me må og ta lærdom frå andre hyttekommunar, og ikkje minst, me må lytte til forskinga.

Forskarar frå heile verda har samanstilt sin kunnskap og står bak den internasjonale oppmodinga og forpliktinga me har til å bevare naturen vår. Men det er den lokale politikken i kommunane som har forvaltningsansvaret. Kommunane er gitt utroleg stort handlingsrom gjennom Plan og bygningsloven. Ansvaret for forvaltning av vår felles natur er derfor stort, kanskje for stort for kommunens kompetanse og omskiftelege demokrati?

Over 20% av alle norske artar er truga av utrydding (Artsdatabanken), og arealendringar står for 90% av trugslane mot norsk natur. Eit eksempel på ein trua art er villreinen, der Norge har eit spesielt forvaltningsansvar. Tilstanden for områda til villreinen er middels eller dårlig for alle våre villreindistrikta, også dei områda som ligg i Vinje. Det er menneskeleg aktivitet gjennom ferdsel, hyttebygging og stadig større vegnett, samt oppstykking av trekk- og beiteområde som angis som hovudårsaker for den dårlige tilstanden. Dette har vore utviklinga fram til no, og er ein situasjon som me i Vinje *ikkje* kan vere spesielt stolte av. Me har rett og slett ikkje lykkast i å forvalte naturen på ein slik måte at villreinen og mange andre artar har ein god og beskytta levestad. Men kan det vere slik at me no er i ferd med å innsjå, og verkeleg ta, ansvaret vårt?

Når me les i næringsplanen at kommunen skal legge til rette for berekraftig næringsutvikling, håper me det inneberer at omsynet til natur blir sett først. Og når me les at «*Vinje kommune ønsker å fokusere på vidare utvikling av tilbodet til både turistar og dei fritidsbustadene som alt er bygde ut*», blir me fylt av glede og håp. Det er kan hende ein noko optimistisk tolking av næringsplanens ordlyd, men tydar dette at kommunen verte meir restriktive i høve til nybygging av hytter? Det hadde vore svært gledeleg. Det som hadde vore enda meir gledeleg, var om denne forsterka satsinga på det værande er eit resultat av miljøbevisst, moralsk ansvar og endra kurs, og ikkje berre ein mellombels reaksjon på pandemi, energikrise og lokal skepsis.

Me ynskjer også å oppmode kommunen til å gå igjennom sine eigne planar og sjå på områder som allereie er regulera til hyttebygging, og vurdere disse regulert attende til NLF-områder.

En kommuneøkonomi må finne næringsutvikling som kan gi verdiskaping utan at naturen byggast ned, bit for bit. Dette er naturlegvis mogleg, og heilt naudsynt, og me ynskjer gjerne å bidra til denne utviklinga.

Me ynskjer kommunen lykke til i sitt vidare arbeid med næringsplanen, og håper på eit framtidig Vinje som kan forvalte sin rikdom av natur i tråd med internasjonale forpliktingar, som førebilete for andre kommunar, og til og med som eit ideal for andre land.

Ein dag i framtida håper me å lese historia om korleis ein liten kommune (i innbyggartal) redda Europas siste villreinstamme ved å sette naturen som premiss for all sin aktivitet.

Med beste helsing

Ragnhild Bjåen og Anne Lene Willemesen

Fjellrein AS

# Uttale til ny næringsplan for Vinje Kommune.

Ein kan lesa at kommunen vil halde fram med å satse på å vidare utvikle handel og reiseliv som «har vore og skal vere ei hovudnærings i Vinje».

Reiseliv er eit vidt begrep, for handelen i Rauland er det fyrst og fremst alle dei nye hyttene som har kome til dei siste åra, som har gitt grunnlag for utvikling av handel og service næringa. Det er viktig at kommunen legg til rette for vidare satsning.

Sentrumsgruppa innafor Rauland Turist representerer 15-20 aktørar som driv i og rundt Rauland Sentrum. Me meiner at:

Det går fram av næringsplanen at kommunen i samarbeide med Vest Telemark Rådet, representert ved «visit telemark», jobbar med ei «regional reiselivsstrategi». Det er viktig at kommunen vurderer ressursbruken, og at dette ikkje går på bekostning av konkret operativ lokal satsning internt i Vinje, fordelt på dei 3 områda Rauland Vinje og Haukeli.

Reint konkret er dette dei viktigaste tiltaka lokalt i Rauland sentrum:

- Syte for at bidraget til løypekjøring vert halde oppe på dagens nivå. Auka kostnader til løypekjøringa ser ut til å bli kr. 2.000' pr år ut over dagens kostnader. Det er viktig at kommunen finn dekning for å dekke heile dette beløpet, slik at Rauland Turist kan oppretthalde løpenettet med tanke på lengde og kvalitet, og samtidig ha midlar til skibuss, drift av heimesider, basis marknadsføring av Rauland osv.
- Stø opp om planane med å få etablert eit «kunsthus» med ein skulpturpark, midt i Rauland Sentrum. Dette vil gje sentrum eit «lyft», og styrke driftsgrunnlaget for bedriftene.
- Få til nye faste større arrangement i sentrum, slik som festivalar og konsertar, her må det dugnadsarbeid til, men kommunen må og bidra.
- Skiltplan for sentrum, gjerne med 2-3 info tavler med eit kart som viser kor verksemndene er
- Sette av pengar øyremerka til vedlikehald, fornying, og utviding av sommar turløpenettet, og få gjort dette tilgjengelig gjennom marknadsføring i sosiale media. Moglegheten for ein sykkelveg som bandt kromvikvegen – Vierli området saman burde greiast ut.
- Ytterligare skilting av «skiparkering» om vinteren, gjennomføring av opparbeiding, skiparkering på andre sida av riksvegen vis a vis Rauland Handelshus.
- Utvida kapasitet, og utvida opningstider for Raulandsbadet.
- Kommunen må i større grad nytte lokale bedrifter i Rauland sentrum i einkvar sammenheng som gjeld Rauland, der det er praktisk mogleg

Me er klare over at initiativet for tiltaka (aktivitetane) her i stor grad må koma frå entrumsgruppa, alikevel er det slik at me har begrensa med tid og ressursar, slik at midlar frå kommunen må til for å gjennomføre utvikling i sentrum

Sentrumsgruppa omfattar desse bedriftene.

Djuvland Fjellgard.

COOP Rauland

Fjellklyppen

Rauland Elektriske

Esso Rauland

Rauland Jernvare

Spar Rauland

Byggern'n

Lega Ost og bakst

Raulandsstoga

Anne` salong

Rauland Husflid og gåve senter.

Vinje Blomster

Rauland Pub.

Vinje Taxi

